

Skulebruksplan



2014 – 2025

16.06.2014
Rådmannen

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 16.06.2014, sak 41/14

1. Moster og Hillestveit skular vert vidareført som kombinerte 1-10 skular. Ein vil ha ny vurdering på felles ungdomsskule når Bømlo-pakken er ferdig utbygd og skysstider er utreda.
2. Bygging av Bremnes ungdomsskule vert realisert i samsvar med tidlegare vedtak. Skulen skal likevel tilpassast ei eventuell utviding på eit seinare tidspunkt.
3. Espenvær skule vert vidareført og ikkje lagt ned frå 2015/16.
4. Foldrøy skule vert vidareført som barneskule
5. Det vert sett i gong ein prosess for å regulere krinsgrensa mellom Svortland og Meling skulekrins for området Stavland/Stavlandsneset med sikte på å utvide Meling krins.
6. Det vert sett i gong ein prosess for å regulere krinsgrensa mellom Svortland og Rubbestadneset i området Innvær/ Brendesæter med sikte på å utvide Rubbestadneset krins.
7. Det vert sett i gong ein prosess for å regulere krinsgrensa mellom Foldrøy og Svortland skular i området Ekornsæter/Bråtaneset med sikte på å utvide Foldrøy krins.
8. Det vert sett i gong ein prosess for å regulere krinsgrensa mellom Foldrøy og Moster skular i området Siggjarvåg med sikte på å utvide Foldrøy skulekrins.
9. Endringane som vert vedteke under pkt. 5, 6, 7 og 8 skal omfatte alle nye elevar som tek til på skulen frå og med skuleåret 2015/16.
10. Bømlo kommune sin praksis om fritt skuleval, dersom ein sjølv kostar eventuell skyss, opphører frå og med skuleåret 2015/16.
11. Skulebruksplan for Bømlo 2014 –2025 skal rullerast i 2020.
12. Administrasjonen må legge fram plan med aksjoner og kostnader som sikrar at det blir likt og breitt fagleg tilbod t.d. i framandspråk og valfag for alle 8-10 elevar i Bømlo kommune.

Innholdsliste:

1. Bakgrunn for planarbeidet	5
1.1. <i>Bakgrunn</i>	<i>5</i>
1.2. <i>Planprogram.....</i>	<i>5</i>
1.3. <i>Mandat.....</i>	<i>5</i>
2. Føringer og referansar for planarbeidet	6
2.1. <i>Nasjonale føringer</i>	<i>6</i>
2.1.1. Opplæringslova.....	6
2.2. <i>Regionale føringer</i>	<i>6</i>
2.2.1. Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune.....	7
2.3. <i>Kommunale føringer</i>	<i>7</i>
2.3.1. Kommuneplan for Bømlo	7
2.3.2. Velferdsplan 2012- 2015	8
2.3.3. Trafikksikringsplan 2012-2015.....	8
2.4. <i>Klassifisering av skulevegar.....</i>	<i>9</i>
2.5. <i>Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune.....</i>	<i>10</i>
3. Målsetjingar og tema i planen	11
3.1. <i>Målsetjingar</i>	<i>11</i>
3.2. <i>Tema i planen</i>	<i>11</i>
4. Organisering.....	12
4.1. <i>Organisering</i>	<i>13</i>
4.2. <i>Medverknad.....</i>	<i>13</i>
4.3. <i>Framdriftsplan</i>	<i>13</i>
5. Grunnlag for vurdering av strukturendringar.....	14
5.1. <i>Skular med ledig kapasitet</i>	<i>14</i>
5.2. <i>Oppveksttun</i>	<i>14</i>
5.3. <i>Krinsgrenser – nærskuleprinsippet</i>	<i>15</i>
5.4. <i>Fritt skuleval - skulebyte</i>	<i>15</i>
5.5. <i>Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv.....</i>	<i>16</i>
5.6. <i>Skulefritidsordning – SFO.....</i>	<i>16</i>
5.7. <i>Skulehelseteneste.....</i>	<i>17</i>
5.8. <i>Integrering.....</i>	<i>17</i>
5.9. <i>Skuleskyss.....</i>	<i>18</i>
5.10 <i>Barnekonvensjonen – Barns beste.....</i>	<i>18</i>

6. Grunnskulen i Bømlo	19
6.1. Skuleskipnad	20
6.2. Elev og klassetal skuleåret 2013-2014	20
6.3 Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern	21
6.4 Universell utforming	21
6.5 Vedlikehald / handlingsplan	22
6.6 Økonomi	22
6.6.1 Kostnader klassar/elevar	22
6.6.2 Kostnader reinhald og skyss	23
6.7 Basseng	23
7 Grunnskulane i Bømlo	24
7.1 Bremnes Ungdomsskule	24
7.2 Espenvær skule	25
7.3 Foldrøy skule	26
7.4 Gilje skule	27
7.5 Hillestveit skule	28
7.6 Meling skule	29
7.7 Moster skule	30
7.8 Rubbestadneset skule	31
7.9 Svortland skule	32
7.10 Våge skule	33
8 Alternative strukturendringar	34
8.1 Ungdomsskular	34
8.1.1 Slå saman BUS og ungdomsskuledrifta ved Rubbestadneset	34
8.1.2 Slå saman ungdomskulane BUS, Rubbestadneset og Hillestveit	34
8.1.3 Felles ungdomsskule for heile Bømlo	35
8.2 Kombinerte skular	35
8.3 Barneskular	36
8.3.1 Flytting av alle frå Espenvær til Hillestveit	36
8.3.2 Flytting av alle elevar frå Foldrøy til Rubbestadneset	36
8.3.3 Flytting av alle elevar frå Meling og Gilje til Svortland	37
8.3.4 Flytting av alle elevar frå Våge til Hillestveit	38
8.3.5 Endring av krinsgrenser	38
8.3.6 Svortland skule må byggast ut for tre parallellear	39
8.3.7 Andre alternativ	40
8.3.8 Økonomi – ulike alternativ	40
Vedlegg 1 – Fakta om skular	41
Vedlegg 2 – Rundskriv Udir-2-2012	42

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1. Bakgrunn

Den førre skulebruksplanen gjekk fram til 2008 og gjaldt for perioden 2003- 2008. Vinteren 2009/2010 fekk kommunen utarbeidd elevtalsprognosar fram til 2024. Her nytta ein eksternt konsulentfirma. Same året vart det sett ned eit utval som skulle sjå på krinsgrensene. Denne gruppa konkluderte med at det burde utarbeidast ein skulebruksplan kor alle omsyn vart drøfta i ein heilskap.

1.2. Planprogram

Planprogrammet er eit verktøy for å styrke tidleg medverknad og gode planprosessar. Programmet skal avklare rammer og premiss for arbeidet, samt klargjere føremålet med planen.

Etter § 4-1 i plan- og bygningslova skal det for alle regionale planar, kommuneplanar og for reguleringsplanar som kan ha vesentleg innverknad på miljø og samfunn, utarbeidast eit planprogram.

Planprogrammet skal såleis gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for eventuelle utgreibingar.

1.3. Mandat

Revidera tidlegare plan og utarbeida ny skulebruksplan for Bømlo kommune 2014.

2. Føringer og referansar for planarbeidet

Både lover, forskrifter og ulike rettleiingar frå nasjonale styresmakter gir føringer på innhaldet i ein slik plan. Under følgjer dei føringer som er mest aktuelle for skulebruksplanen.

2.1. Nasjonale føringer

- Opplæringslova
- Forskrift til opplæringslova
- Barnelova
- Barnevernloven
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Barnehageloven
- Arbeidsmiljølova
- Internkontrollforskrifta
- Diskriminerings- og tilgjengeleghetslova (universell utforming)
- Folkebibliotekloven
- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Kulturskuleloven (§ 13-6 i Opplæringslova)
- Lov om film og videogram
- Læreplanverket Kunnskapsløftet

2.1.1. Opplæringslova

Opplæringslova er eit sentralt dokument ved utarbeiding av ein slik plan. Sentrale føringer vil vere:

- Elevane sitt arbeidsmiljø (§ 9.a)
- Formålet med opplæringa
- Nærskuleprinsippet
- Skulestørleik
- Skyss
- Organisering av elevar i klassar/grupper
- SFO/leksehjelp
- Skulebibliotek, inventar, utstyr og lærermiddel
- Skolemiljø
- Uteområde
- Fysisk aktivitet (forskrift)
- Medverknad
- Integrering og inkludering

2.2. Regionale føringer

- Regional planstrategi 2012-2016
- Regional kulturplan 2014-2024 (planprogram ute til høyring)
- Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2013 - 2024høyringsutkast

2.2.1. Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune

I 2013 vart det vedteke ny skulebruksplan for det vidaregåande skuletilbodet. Det blir lagt opp til **ein** skule på Bømlo, lokalisert til Rubbestadneset. Denne skulen skal ha plass til ca 550 elevar. Dette tilsvrar dei tre årskulla som har rett på slikt tilbod 16-18 år. Det er ikkje lagt opp til at denne skulen skal ha alle tilbod, men for ein del tilbod skal Rubbestadneset ha eit større nedslagsfelt enn Bømlo. Tilsvarande må elevar frå Bømlo pendle ut av kommunen dersom ein vel spesielle studieretningar.

Når denne planen skal realiseraast for Bømlo vil Bømlo vidaregåande skule på Svortland bli lagt ned. Dette er ein skule bygd i 1995. Fylkeskommunen og Bømlo kommune er i dialog om kjøp av denne bygninga. Dersom Bømlo tek over denne vert denne bygninga ein del av Bremnes ungdomsskule.

Siste kjende tidsplan er at ny skule skal vere innflyttingsklar i 2018. Det er venta at det blir gjort konkret fylkeskommunalt vedtak i den saka våren 2014.

2.3. Kommunale føringer

- Kommuneplan for Bømlo kommune 2006-2018
- Framlegg til kommuneplan for Bømlo kommune 2012-2024
- Velferdsplan for Bømlo kommune 2014-2017
- Trafikksikringsplan 2012- 2015
- Gjeldande styringsdokument for oppvekst Bømlo kommune

2.3.1. Kommuneplan for Bømlo

SSB operer med tre nivå for vekst i folketalet. I kommuneplanen er framskrivinga basert på middels vekst. Med ein slik vekst vil folketalet i slutten av planperioden ligge på om lag 12 700 eller ca 1000 meir enn i dag.

Born og unge utgjer 26,8 % av folketalet (0-17 år) og vi må derfor rekne med at denne gruppa vil auka med inntil 260 personar. Av dette utgjer dei to årskulla frå 6 til og med 15 ca 150 personar eller 150 elevar.

Bømlo ligg langt over både fylkessnitt og landsnitt for denne aldersgruppa og sjølv om denne andelen går ned i heile landet fordi levealderen går opp, er det grunn til å tru at elevtalet i bømlo-skulen i 2024 vil ligge på i underkant av 1900 elevar. Prognosene i kommuneplanen tilseier likevel at barn i barnehage- og skulealder vil vere ganske stabilt, i tilfelle vil elevtalet ligge på ca 1750.

Det er mange barnefamiliar som flyttar attende til Bømlo. Graden av denne flyttestraumen samt innvandring gjer at tala blir litt usikre.

Kommunen fekk i 2010 utarbeidd en rapport frå Norconsult kor folkesetnad og elevtal vart framskrive fram til 2024. Denne er ein del av plangrunnlaget. Vi har ikkje funne det nødvendig å få utarbeidd ein ny prognose sjølv om vi ser at elevtalet i inneverande skuleår ligg mellom 40 og 50 høgare enn det som går fram av denne prognosene.

Det er to faktorar denne prognosene ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til. Det eine er tilflyttinga av småbarnsfamiliar. I realiteten er ein del kull som startar i første klasse (6 år) er opp til 30 barn høgare enn det året kullet vart fødd, medan prognosene legg opp til lågare innflytting.

Ein anna forhold ved prognosene er at den viser sterkare vekst for Svortland skulekrins enn det som er realiteten. Dette har nok samanheng med at det kan sjå ut for at barnefamiliar ikkje i like stor grad flyttar mot sentrum som andre grupper. Dette har sjølv sagt igjen samanheng med kva boligtypar som blir stilt til rådvelde.

Kommuneplanen legg ikkje opp til spesielle føringar med omsyn til å sentralisere bustadbygginga, men ein forutset at det vert ein ekstra vekst på Moster og rundt Svortland.

Etter kvart som Bømlo-pakken vert realisert vil kommunen sin infrastruktur mellom bygdene/krinsane bli langt meir effektiv. Kommuneplanen legg likevel ikkje føringar med omsyn til ein meir effektiv skulestruktur .

2.3.2. Velferdsplan 2012- 2015

Denne vert rullert i samband med den årlege budsjettetahandsaminga.

Kommunen har utfordringar med det generelle kostnadsnivået. Det vert derfor, med utgangspunkt i ein skulebruksplanen , lagt opp til å sjå på skulestrukturen i kommunen. Målet er å sikre innhald og kvalitet.

2.3.3. Trafikksikringsplan 2012-2015

Eit sentralt delmål i dette planarbeidet var å vurdere det lokale vegnettet som t.d. kommunale vegar, og det står at skulevegar skal ha høg prioritet.

I år 2000 vedtok kommunestyret ei klassifisering av skulevegane. Vegane vart definert i fareklasse 1 til 3 kor 1 har høgast fare. Den gong hadde vi langt fleire krinsar, men mange elevar hadde fått definert skulevegen som farleg. Denne lista er blir justert etter kvart som det har vore vegutbygging og ulike skular er lagt ned. Når trafikksikringsplanen vart lagt fram i 2012 vart denne oversikta over skulevegane igjen oppdatert og vedteke som ein del av trafikksikringsplanen.

No er det berre nokre få vegar som er definert i fareklasse 1. Det er:

- | | |
|------------------------------------|---------------|
| • Myro – Foldrøy (rv 542) | Foldrøy skule |
| • Erslandskrysset – Gilje (rv 542) | Gilje skule |
| • Kanalen – Våge | Våge skule |
| • Sakseidkrysset – Kanalen | Våge skule |
| • Lyklingskogen – Våge | Våge skule |
| • Røyksundkanalen – Skogbu | Moster skule |

Elevar langs desse strekningane vil normalt ha fri skyss. Det er planar for utbetring av dei fleste av desse strekningane, melom anna med gang og sykkelveg.

2.4. Klassifisering av skulevegar

Henta frå Trafikksikringplanen.


Krins	Klassifisering vegstrekningar	Fare kl.	Merknad
Foldrøy	Myro – Foldrøy Rv. 542 Gravplass – K.veg. 23 til Rv. 542 (Gamlevegen)	1 3	
Svortland	Brekke – Sjøvoll – Laurhamerkjosen Kryss Sæverudsøy/Djupedalen – Laurhamerkjosen Sjøvoll – Olakjosen – Stavland – Svortland Svortland sør - Tverråno	2 2/3 2 3	
Rubbestadneset	Furenesvegen	3	
Meling	Kryss Melingsvåg til byggjefelt. Fv. 14 Bjølleddalen – Nesse Fv. 15	3 3	
Gilje	Erslandskrysset – Gilje skule Rv. 542 Alvsvågvegen Kv. 6 Ådnanesvegen Kv. 10	1 3 3	
Våge	Kanalen til Våge skule Sakseidkrysset – Kanalen Frå Våge skule til Lyklingskogen Våge skule – Vordneskrysset Vordnes – Steinsvåg	1 1 1 3 3	
Moster	Skimmelandsdalen – Moster Sparebank Røyksundkanalen – Skogbu Sion - Grindheimsvåg kai Grindheimskrysset – Totland (rundkjøring) Kv. 2 og Fv. 13 Eikeland – Anglevik Røyksundkanalen – Håvik Kv. 9001 Klubben – Håvik Fv 12	2 1 3 3 3 3 2	Busslomme Busstopp
Hillestveit	Vegen til Bømmelhamn Veg til Kallevåg Veg til Eidesvik Veg til Andal fram til Vorland	3 3 3 3	
Goddo¹	Veg til Katla	3	

Prosjektgruppa har revidert tidlegare tabell frå 2000 utifrå dei endringar som har skjedd.

¹ Goddo høyrer no til Svortland krins.

2.5. Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune

Henta frå Trafikksikringsplanen.



3. Målsetjingar og tema i planen

3.1. *Målsetjingar*

Det er eit overordna mål å sikre kvalitet i skulen og optimal bruk innanfor dei rammene kommunen rår over.

Målet med planarbeidet er vidare å kome fram til ein skulestruktur som er tilpassa endra føresetnader og som er eit godt grunnlag for langsiktig planlegging og som er godt tilpassa føringar i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplan.

Skuleanlegga i Bømlo skal vere tilpassa skuledrift i tråd med sentrale og lokale retningslinjer og planer.

Skuleanlegga skal tilpassast slik at dei også skal vere tenlege for innbyggjarane i dei ulike krinsane og skal også utformast slik at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytta anlegga.

Anlegga skal også kunne inkludera andre kommunale tenester der det er aktuelt, t.d. skulehelseteneste.

Planen skal elles medverka til:


- sikre at skuleareala er godkjente etter gjeldande lov- og regelverk
- sikre ein stabil skulestruktur
- sikre akseptabel reisetid i samband med skuleskyss
- sikre likeverdig og godt skuletilbod til alle elevar
- sikre funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- sikre eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- sikre nok skuleareal, både ute og inne

3.2. *Tema i planen*

Faktainformasjon om kvar skule, kapasitet, standard m.m.

- Skulane sitt fysiske miljø
- Skulestorleik, arealnorm og økonomi
- Investeringsoversikt/handlingsplan
- Konsekvensar for drift og vedlikehald
- Oppveksttun (kombinasjon av barnehage og skule)
- Kapasitetsutnytting, utnytting av eventuell overkapasitet
- Elevtalsutvikling med dagens struktur/opptaksområde
- Forventa utvikling av busetjingsmönster
- Lovheimel for inntaksområde/forskrift
- Gjennomgang av inntaksområde og eventuelle framlegg til endringar
- Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv
- Skulane som nærmiljøanlegg
- Skulehelseteneste
- Integrering (basar for funksjonshemma og alternativ undervisning)
- Fritt skuleval
- Skuleveg og skuleskyss/trafikktryggleik
- Skulefritidsordning - SFO

4. Organisering



4.1. Organisering

Styringsgruppe: Utval for oppvekst, kultur og idrett

Plankomité/referansegruppe:

- Kommunalsjef
- To rådgjevarar
- To politiske representantar frå utval for oppvekst, kultur og idrett
- Repr. for Fagforbundet
- Repr. For Utdanningsforbundet

Politisk handsaming: Skulebruksplanen skal handsamast i utval for oppvekst , kultur og idrett og skal godkjennast av kommunestyret.

4.2. Medverknad

I tillegg til medverknad i planprosessen internt i organisasjonen, er det eit mål å leggje til rette for ei brei høyring. Planutkastet skal sendast ut på høyring.

Dette vil i neste omgang innebere dialog med representative (brukar)organisasjonar, god tilrettelegging av informasjon på kommunen sine nettsider, samt vurdering av om sosial media kan nyttast for å skape engasjement for planarbeid.

4.3. Framdriftsplan

Det vert lagt opp til slik framdriftsplan:

Mars	2014:	Handsaming av utkast i Utval for Oppvekst, Kultur og Idrett
April	2014:	Utkastet vert sendt ut på høyring - frist 25. april 2014
Mai	2014:	Handsaming av framlegg til Skulebruksplan etter høyringsrunde – Utval for oppvekst, Kultur og Idrett
Juni	2014:	Handsaming i Kommunestyret
Hausten	2014:	Handsaming av enkeltsaker – endringar av krinsgrenser/ evt. nedlegging

Dette er ein plan som skal gjelde fram til 2025. Det er lagt opp til at ein skal drøfte kva som er ein eigna og robust skulestruktur i framtida som eit eige tema. Deretter tek ein stilling til konkrete aktuelle endringar for å nå det målet. Det er ikkje lagt opp til at ein skal gjere konkrete gjennomføringsvedtak for endringar som i framlegget gjeld litt fram i tid, t.d. flytting av ungdomsskuleelevene frå Moster til Bremnes. Den politiske handsaminga kan likevel legge andre føringer.

5. Grunnlag for vurdering av strukturendringar

5.1. Skular med ledig kapasitet

Det er liten reell ledig kapasitet ved skulane. Det tyder at skulane ikkje klasserom som ikkje er i bruk og tal klasserom samsvarar stort sett med tal klassar. Slik sett er det god kapasitetsutnytting i bømloskulen.

Sjølv om delingstalet for barneskulen er 28 (elevtal før klassedeling) og 30 på ungdomsskulen er det mange klasserom som ikkje er store nok til slike store elevgrupper. Forskrift om Miljøretta Helsevern krev at kvar elev minst har 2m^2 . Deretter skal det leggast til 7m^2 . Dermed må eit klasserom med 28 elevar minst vere 63 m^2 og eit klasserom med 30 elevar må vere minst 67 m^2 .

Det er få klasserom på barneskulane som er så store og ved Bremnes ungdomsskule er det mange klasserom som ikkje kan ta imot elevgrupper på 30.

Det er likevel få klassar som ikkje kan ta imot nye elevar og slik sett er det ledig kapasitet i bømloskulen. Ein klasse på barnetrinnet i snitt har 17,6 elevar og på ungdomstrinnet 22,5 elevar.

Endring av kringsgrenser kan derfor gi betre utnytting av kapasiteten, men store endringar og samanslåing av skulekrinsar vil krevje investeringar.

Ein kan ta imot fleire klassar ved Espevær, Foldrøy og Våge. Dette er dei skulane som for tida har minst press. Den ledige kapasiteten ved Våge gjeld frå og med skuleåret 2014/15. I tillegg er det eit ledig klasserom ved Svortland skule etter at ei utbygging var ferdig hausten 2012. Dette rommet må ein mest sannsynleg ta i bruk til ein ny klasse allereie frå hausten 2014. Då vil det vere to trinn med 3 parallellear og fleire trinn har i dag elevtal på grensa til 3 parallellear.

Gilje skule må frå 2015 ta imot ytterlegare ein klasse. Dei er avhengige av kapasitet ved tilstøytande areal i fleirbrukshall.

Både Meling, Hillestveit og Rubbestadneset skular har ledig kapasitet på dei fleste trinn. Dei har likevel ikkje ledige klasserom. Det same gjeld Moster. Denne skulen er bygd for 40 elevar på kvart trinn. Elevtalet varierer frå 30 til 40. Snittalet er 35 og slik sett er det 5 ledige elevplassar på kvart trinn.

Bremnes ungdomsskule har kun nokre få elevplassar ledig på kvart trinn.

5.2. Oppveksttun

I utgangspunktet hadde ein til hensikt å greie ut eit oppveksttun. Eit oppveksttun har samlokalisering av barnehage og skule under same leiar, ein rektor.

Det kan vere fleire gode grunnar for å etablere oppveksttun, ikkje minst å sikre bruk av ledig kapasitet.

Eit moment har også vore at det kunne vere gunstig for kommunen å ha ein kommunal barnehage for å få betre styring på det samla utgiftsnivået på barnehageområdet. Når Bømlo berre har private barnehagar må kommunen nytte nasjonale satsar ved utmåling av tilskot til dei private barnehagane. Dersom kommunen hadde hatt ein kommunal barnehage med eit gunstig kostnadsnivå ville det også redusert utmålinga av tilskot til dei private barnehagane og kommunen sine kostnader hadde gått ned. Ein barnehage med eit gunstig kostnadsnivå må nok minst ha 3 avdelingar eller mellom 70 og 80 plassar.

På Bømlo er det skulane Gilje, Meling og Foldrøy som ikkje har barnehage i skulekrinsen. Både Gilje og Meling har likevel barnehage innanfor relativt korte avstandar, og vi ser at barn knyta til desse krinsane stort sett har barnehagetilbod ved dei to barnehagane i Svortland krins, Maurtua og Salamonskogen. I tillegg er det kort veg til barnehage på Hollund.

Barn i Foldrøy krins nyttar stort sett også dei barnehagane som ligg i Svortland krins, Maurtua, Salamonskogen og Hollund. Dei har likevel større reiseavstand til desse barnehagane. I tillegg er logistikken vanskelegare for dei som arbeider utanfor kommunen - ein må først køyre nærmere 8 km i retning Svortland for å levere i barnehage og deretter attende til Foldrøy og eventuelt ut av kommunen. Det hadde sjølv sagt vore gunstig for desse å ha barnehage i krinsen.

Realiteten er likevel at trangen for barnehage i krinsen pr. i dag tilseier ein kapasitet på ca 25 barn. Dette vert ein liten barnehage som det vil vere vanskeleg å drive innanfor rammene av dei nasjonale satsane. Då vil resultatet i tilfelle føre til endå høgare kostnader i barnehagedrifta. Vi har t.d. forstått at Kvinnherad ligg på eller over dei nasjonale satsane til tross for at dei har mange kommunale barnehagar. Dette skal ha samanheng med at dei kommunale barnehagane er små og dermed dyre i drift.

Dersom ein vil vurdere oppveksttun berre ut frå andre perspektiv – sikre skule i bygda/ skape ei meir robust bygd – kan ei nærmere utgreiing av oppveksttun likevel vere eit bidrag til ei slik utvikling.

5.3. Krinsgrenser – nærskuleprinsippet

Bømlo kommune har ikkje vedteke forskrifter om skulekrinsar, og opplæringslova § 8.1 inneber at elevane har rett til å gå ved den skulen som ligg nærest - nærskuleprinsippet.

Kommunen kan vedta endringar i opptaksområde for skulane, men dette må skje etter ein prosess i samsvar med forvalningslova kap VII. Hovudregelen er framleis prinsippet om nærskule, men kommunen kan avvike frå desse dersom det er sakleg grunn for det, t.d. mangel på plass. Kommunen må uansett sikra at elevar frå same krins/område får gå på same skule.

I denne utgreiinga er det lagt til grunn at Bømlo kommune utarbeider ein forskrift om inntaksområde for skulane når kommunestyret har gjort vedtak om endringar i denne saka.

Retten til å gå ved nærskulen er ein sentral premiss i vurdering av alternative endringar av strukturen. Samanslåing av skular er såleis berre aktuelt der elevar frå ein krins samla kan flytte til den skulen som ligg nærest.

5.4. Fritt skuleval - skulebyte

I Bømlo har vi gitt foreldre høve til å byte skule for sine barn utan spesiell grunngjeving. Det har vore ein føresetnad at det har vore plass på skulen som skal ta imot ein ny elev og at slikt skulebyte ikkje fører til klassedeling. I tillegg er det eit vilkår at dei føresette dekker eventuelle skyssutgifter. Denne praksis gir ein del utfordringar.

Når vi har mange klassar som nesten er fulle kan eit slikt skulebyte føre til klassedeling sjølv om dette ikkje var situasjonen når bytet vart innvilga.

Skulebyte er heimla i Opplæringslova § 8.1. Lova slår først og fremst fast at elevene har rett til å gå på skulen som ligg nærest eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skule enn den eleven soknar til, men lova gir ikkje ein slik rett (Saker som går på skulebyte av omsyn til eleven sitt psykososiale læringsmiljø vert ikkje drøfta her).

I Bømlo er praksis at søknad om skulebyte vert retta til rektor ved den skulen det blir søkt til.

Administrasjonen varslar hermed at ein vil førebu ei sak med klårare og meir detaljerte retningslinjer for eit eventuelt skulebyte.

5.5. Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv

Den et liten avstand mellom skulane på Bømlo. Det er lengst avstand mellom Våge og Hillestveit - ca 16 km. I Svortlandsområdet er det i underkant av 4 km mellom skulane Svortland og Meling/Gilje.

Moster har 10 km til nærmeste skule som er Foldrøy, medan Rubbestadneset har 8 km til nærmeste skule.

Elevane sin eventuelle auke i skuleveg og reisetid, og elevane sin skuleveg ved samanslåing, er ein premiss i vurderinga av tilrådinga om endringar av skulestruktur.

I eit folkehelseperspektiv er det ein fordel at elevane har gangavstand til skulen. Gangavstand opnar også i større grad for at skuleanlegget vert nytta på ettermiddag/kveldstid. Auka reisetid reduserer elevane si fritid.

5.6. Skulefritidsordning – SFO

Dette er eit tilbod til alle elevar på 1. til 4 trinn og for elevar med spesielle behov også på 5. til 7. trinn. SFO-tilboden blir gitt før og etter skuletid og har ei opningstid på 9 timer inklusiv skuletida. Dei fleste skulane har ei opningstid frå kl 07 til kl 16.

På elevfrie dagar på skulen har Svortland skule ope frå kl 08 til kl. 16. Dette er eit tilbod til heile kommunen. Det eit krav at det minst er 5 brukarar.

SFO –tilboden er regulert i opplæringslova, men er ikkje ein del av opplæringstilboden.

SFO er ein del av barna si fritid, og det er viktig at tida ikkje vert over-organisert av dei vaksne. Det er viktig at fri leik skjer i eit miljø som er trygt og som stimulerer til utforsking og skapartrong hos barna. Nærmiljøet og naturen kring skulen utgjer ein viktig ressurs, og det skal leggjast til rette for flittig bruk av desse områda.

I praksis vil dette seia at barna får høve til å..

- gjera lekser
- gå på tur
- kvila
- leika inne og ute, åleine eller i gruppe
- dyrka ein hobby eller ei interesse
- oppleva kulturell utfalding ved seg sjølv eller andre
- øva seg i samarbeid med fleire aldersgrupper

Den einskilde skule utarbeider ein årsplan for SFO, der brukarane får høve til å påverka innhaldet i tilboden.

SFO vert finansiert av statstilskot, kommunal del og foreldrebetaling.

Brukabetinga vert fastsett i kommune sitt årlege budsjett. Familien betalar ein månadssats. I august og juni er det halv sats.

Det er eigne dag-satsar for dagar med skulefri. Desse kjem i tillegg til månadssatsen. Søskenmoderasjon vert gjeve for kvart barn utover første barn (25%). Barn med særskilte behov får fri plass frå 5 til 7 timer.

Det er sett i gang eit arbeid med å evaluere rammeplanen for SFO. Det er eit mål å styrka kompetansen og fleire av våre SFO-leiarar har relevant høgskuleutdanning.

Det er ca 300 elevar som har eit slikt tilbod skuleåret 2013/14. Dette utgjer ca 45% av elevane på 1. til 4. trinn. Dette er litt lågare enn samanliknbare kommunar i vår Kostragruppe. Dei fleste går på 1. trinn og det er færrest elevar frå 4. trinn. Det er få som har full plass, ca 20 %.

Dei fleste skulane er bygd før SFO-tilbod vart lovfesta. Vi har derfor ikkje optimale lokale for dette tilboden. Unnataket er Moster.

5.7 Skulehelseteneste

Det er etablert skulehelseteneste ved alle skulane. Tilhøva for denne tenesta er varierande ved skulane, men det er gjennomgåande at tenesta ikkje har tilfredsstillande lokale.

Gode tilhøve er viktig ved alle skuleslaga, men det er spesielt viktig for ungdomskulane fordi denne elevgruppa i større grad enn for barneskuleelevar oppsøkjer tenesta utan at ein nødvendigvis har avtale. Dette er ein del av premissane for dette lågterskeltilboden.

5.8 Integrering

Bømlo kommune har ca 150 minoritetsspråklege elevar. Dei fleste er flyktningar, men vi har også ein del barn av arbeidsinnvandrarar.

Ved Svortland skule er 20 % av elevane minoritetsspråklege og talet er om lag på same nivå ved Bremnes ungdomsskule. Ved dei to sentrumsskulane, Svortland skule og Bremnes ungdomsskule har vi eigne innføringsklassar. Her går alle minoritetsspråklege elevar frå 3. til 10. trinn. Elevane kjem frå heile kommunen, men dei fleste tilhøyrer dei to skulane sine nedslagsfelt. Elevar frå andre skular får fri skyss til Svortland/BUS.

I tillegg til innføringsklassar får mange elevar særskilt norskopplæring. Dette tilboden er heimla opplæringslova § 2.8.

Elevar på 1. og 2. trinn får uansett tilboden sitt ved nærskulen.

Tilboden til denne elevgruppa krev både klasserom og mange grupperom og har gitt store plassutfordringar ved dei to skulane, spesielt Svortland skule.

5.9 Skuleskyss

Skule	Elevtal	Tal elevar med skyss	Tal elevar farleg veg	Andel elevar med skyss
Bremnes Ungdomsskule	322	198	30	61,5%
Espevær	14	-	-	-
Foldrøy	46	5	-	10,9%
Gilje	110	28	28	25,4%
Hillestveit	156	16	-	10,3%
Meling	121	11	-	9,1%
Moster	343	158	-	46,1%
Rubbestadneset	181	33	-	18,2%
Svortland	348	112	-	32,2%
Våge	99	84*	7	84,9%
	1740	645	65	37,1%

* Ved Våge skule er det mange elevar som har farleg skuleveg, men dei har meir enn 2/4 km og får derfor fri skyss av den grunn.

Tabellen viser at ca 37 % av elevane får skuleskyss. Justering av krinsgrenser i nokre område kan redusere dette talet noko, t.d. ved at Innvær vert ein del av Rubbestadneset krins. Dei fleste justeringane av krinsgrensene vil likevel ikkje endre dette talet monaleg.

Det er likevel slik at flytting av alle elevar ved ein skule, t.d. at elevar ved Foldrøy vert flytta til Rubbestadneset eller eventuelt Svortland, vil føre til ein sterk vekst i tal elevar som treng skyss. I dag er det 5 av 46 elevar ved Foldrøy som treng skyss, medan alle treng skyss til skulen dersom skulen vert lagt ned.

Effekten av å redusere tal ungdomsskular vil også føre til at langt fleire må ha skuleskyss. Både ved Rubbestadneset og Hillestveit er det få ungdomsskuleelevar som treng skyss i dag.

5.10 Barnekonvensjonen – Barns beste

Barnekonvensjonen er teken inn i norsk rett ved lov om menneskerettar av 2003. Konvensjonen forpliktar kommunen til å vektleggja barn sit beste, mellom anna i saker om skulestruktur.

I arktikkkel 3 nr 1 i konvensjonen heiter det:

Ved alle handlingar som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsgjengs, domstoler, eller administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggjende hensyn.

Dette inneber at det i vurdering av skulestrukturen må vurderast kva som er best for barna, og omsynet til barna må takast med i vurderinga av alternativ.

Pedagogiske føremoner og ulemper ved endring skulestrukturen peikar i ulike retningar alt etter kva hensikt/overtydning som ligg i argumentasjonen. Ut frå forsking og erfaring med mange små skular i Kinnherad, tyder alt på at kvalitet og opplevd godt læringsutbyte for elevane, ikkje handlar om storleiken på skulen. Vurdering av pedagogiske føremoner og ulemper vert såleis eit nøytralt punkt i vurderingane.

6. Grunnskulen i Bømlo


Alle grunnskuleelevar i Bømlo går i den offentlege skulen. Vi har samla 10 grunnskular i Bømlo. Gjennomsnittleg skulestorleik er 173 elevar. Dette er markert over vår Kostragruppe. Snittet i Hordaland fylke er 203, litt under landssnittet.

Samanlikna med t.d. Sveio og Kvinnherad som har hatt tunge prosessar på ein ny skulestruktur ser at vi at Bømlo har vesentlig færre skular i høve til elevtal enn Bømlo, slik at desse kommunane har langt færre elevar ved kvar skule enn det Bømlo har.

Når det gjeld kostander med skuledrifta ser vi at desse to nabokommunane har langt høgare kostnader pr. elev enn det Bømlo har.

Stord har hagare snittal pr. skule og lågare kostnader pr. elev. I vår oversikt under pkt 6.5 ser vi at store skular gir lågare kostander pr. elev.

Tabellen under er henta frå Kostra:



6.1. Skuleskipnad

Kommunen har 3 fådelte barneskular, 3 fulldelte barneskular, 3 kombinerte skular og ein ungdomsskule.

Skule	Elevtal	Trinn	Klassetal	Type skule
Bremnes Ungdomsskule	322	8 - 10	12	ungdomsskule
Espevær	14	1 - 7	2	fådelt
Foldrøy	46	1 - 7	3	fådelt
Gilje	110	1 - 7	6	fådelt
Hillestveit	156	1 - 10	10	fulldelt/kombinert
Meling	121	1 - 7	7	fulldelt
Moster	343	1 - 10	20	fulddelt/kombinert
Rubbestadneset	181	1 - 10	10	fulddelt/kombinert
Svortland	348	1 - 7	15	fulddelt
Våge	99	1 - 7	12	fulddelt

6.2. Elev og klassetal skuleåret 2013-2014

Skule	1.tr.	2.tr.	3.tr.	4.tr.	5.tr.	6.tr.	7.tr.	8.tr.	9.tr.	10.tr.	Sum	Klas-sar	11-12	End-ring
BUS								116	96	112	324	12	312	12
Espevær	4	1	1	1	2	4	1				14	2	11	3
Foldrøy	7	6	8	3	6	9	8				47	3	50	-3
Gilje	26	17	12	18	8	13	17				111	6	91	20
Hillestveit	8	16	17	13	16	17	19	16	17	14	153	10	162	-9
Meling	22	13	15	13	22	18	18				121	7	125	-4
Moster*	27	35	33	30	31	28	38	37	42	36	337	20	349	-12
Rubbestadneset	24	21	11	21	14	17	20	20	17	17	182	10	188	-6
Svortland	49	51	40	49	41	58	48				336	15	338	-2
Våge	9	17	11	17	20	12	15				101	7	111	-10
SUM	176	177	148	165	160	176	184	189	172	179	1726	92	1737	-11

* Ikke med mottaket

Skuleåret 2013/14 er det 1726 elevar i bømloskulen. Dette er ca 50 høgare enn dei siste prognosane.

Fødselstala dei siste åra har variert frå ca 135 til 170. Tal dei siste 10 åra viser at eit barnekull veks med mellom 20 og 30 barn frå dei vert fødd og fram til dei tek til på skulen. Seinare veks kullet med mellom 10 og 20 frå 1. til 10 trinn. Kulla på ungdomsskulen varierer derfor frå mellom 170 og 200.

Det kan sjå ut for at tilflytting og innvandring av barnefamiliar er undervurdert i dei prognosane vi har fått presentert frå Norconsult.

Det er ikkje markerte endringar i barnetalet ved den einskilde skule. Det er likevel ein veldig markert prognose for Espevær kor det pr. dato kun er 2 born under skulealder. Det blir også ein reduksjon i Våge-krinsen dei nærmaste åra, men her er store byggefelt i ferd må å bli lagt ut. Det kan også sjå ut som om vi får ein reduksjon i Foldrøy krins, men har kan ny veg løyse ut auka byggeaktivitet.

6.3 Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern

Alle skulane har i løpet av 2013 vore inne i ein godkjenningsprosess i forhold til Forskrift om miljøretta helsevern.

Så langt er 8 av 10 skular godkjende.

Hillestveit skule er ikkje godkjend. Her arbeider vi med ei oppgradering.

Bremnes ungdomsskule har store utfordringar både med temperatur og CO². Denne skulen vil ikkje bli godkjent utan ei større oppgradering. Det er satt i gang ei konkret kartlegging som skal danne grunnlag for kompenserande tiltak fram til nytt skuleanlegg er innflyttingsklart.

6.4 Universell utforming

Dei fleste av våre skular tilfredsstiller ikkje desse krava fullt ut. Det må setjast i gang ei kartlegging over kva som må til for at våre skular tilfredsstiller desse krava. Denne kartlegginga må også avklare tronge for investeringar.

Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan «*Norge universelt utformet 2025*». Her skriv Regjeringa at kommunane bør ha ein eigen plan for korleis ein kan sikre at både nye og gamle offentlege bygg/skular er universelt utforma etter dei siste krava. Så langt har ikkje Bømlo starta dette arbeidet, men alle ombyggingar har sjølv sagt som mål å sikre best betre tilgjenge for alle.

Realisering av ny Bremnes ungdomsskule samt eventuell sanering av dei eldste skulane vil sjølv sagt føre Bømlo nærmare målet om at alle skulane skal vere universelt utforma ut frå dei siste krava.

Miljøverndepartementet har gjennomført flere større tiltak for å styrke tilgjengelighet og universell utforming innen planlegging. Dette gjelder blant annet endringer i plan- og bygningsloven, tilhørende endringer i teknisk forskrift samt en ny antidiskrimineringslov.

Ny plan- og bygningslov

Arealdelen av ny plan- og bygningslov trådde i kraft fra 01.07.2009. Denne loven er mer brukervennlig, og temaet universell utforming står mer sentralt enn ved tidligere lov. "Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig" (Rettslig standard). Loven vil stille krav til universell utforming av bygg, anlegg og uteområder som er rettet mot allmennheten. Plan- og bygningsloven er delt inn i to deler; en plandel og en bygningsdel.

I forhold til tidligere Plan- og bygningslov er universell utforming nå innlemmet allerede i planens formålsbestemmelse som sier følgende: "Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak". Hensynet til universell utforming av bygninger og anlegg vektlegges i ny § 29-3. Innstramminger i utformingskravene vil omfatte fellesanlegg og uteområder. Krav om universell utforming av uteområder, der ikke utformingen følger direkte av plan, er ivaretatt i § 28-7. Nærmere krav om universell utforming er fastsatt i Teknisk forskrift (TEK10) som ble revidert parallelt med bygningsdelen. I utgangspunktet gikk Departementet kun inn for å stille krav om universell utforming ved nye byggetiltak. Nå skal man også kunne stille krav til oppgradering av eksisterende tiltak ved bestemte typer bygninger, anlegg og uteområder

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven trådde i kraft 01.01.2009. Dette er en lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Det er hovedsakelig §§ 9 og 12 som skal sikre at hensynet til mennesker med nedsatt funksjonsevne blir ivaretatt ved at det er innført plikt til generell- og individuell tilrettelegging. Brudd på denne plikten vil regnes som diskriminering og gir klagerett. Likestillings- og diskrimineringsnemda skal håndheve loven i forbindelse med klager på diskriminering.

6.5 Vedlikehald / handlingsplan

Alle skulane vil sjølv sagt ha eit løpande vedlikehaldsbehov.

Ein overordna strategi for vedlikehald bør kunne relaterast til målbare krav. Eit avvik frå krava vil gi grunnlag for tilråding av tiltak, som vidare kan planleggast og iverksettast. Eining for eigedom har i sitt arbeid kome fram til at tilstandsgradering basert på Norsk Standard NS 3424 kan vere eit verkty for å definere ei målsetting for vedlikehald av kommunen sin bygningsmasse.

Andre større kommunar har gjort vurderingar på kva nivå ein må ha på vedlikehaldsbudsjettet for å sikre at ein grip inn for bygningane har middels kraftige symptom. I Bergen meiner ein at ein då må ha eit vedlikehaldsbudsjett på ca 170,- pr m² kvart år. Med dagens bygningsmasse og ca 30 000 m² vil dette krevje eit vedlikehaldsbudsjett knyta til skule på ca 5,1 mill kvart år.

Godkjenning av skulane etter Forskrift om miljøretta helsevern krev også at kommunen har nedfelt ein vedlikehald-strategi og at ein har ein plan for det løpande vedlikehaldet.

Vi er i ferd med å få dette på plass. Det er også ein føresetnad at leiarar for skulane er kjent og vore ein del av denne prosessen.

Skulane i Bømlo har jamnt godt vedlikehaldsnivå, men vi har ein del etterslep og det har derfor vore årlege investeringsrammer for oppgradering av skulane ut over det som ligg i vedlikehaldsbudsjettet.

Det er ein eigen prosess rundt Bremnes ungdomsskule.

6.6 Økonomi

Under følgjer ei oversikt over kostnader med sjølve skuledrifta – innhaldet i skolen.

6.6.1 Kostnader klassar/elevar

Skule	Elevtal	Brutto budsjett (tal i tusen kronar)	Klassetal	Kostnad pr. elev (tal i tusen kronar)	Kostnad pr. klasse (tal i tusen kronar)
Bremnes Ungdomsskule	322	23703'	12	74'	1975'
Espevær	14	1583'	2	113'	791'
Foldrøy	46	4097'	3	89'	1365'
Gilje	110	7563'	6	69'	1260'
Hillestveit	156	14563'	10	93'	1456'
Meling	121	9142'	7	76'	1306'
Moster	343	24222'	20	71'	1211'
Rubbestadneset	181	14779'	10	82'	1477'
Svortland	348	20957'	7	60'	1397'
Våge	99	7482'	7	76'	1068'
Snitt	1740	128.091	92	73.615'	1.392'

Snitt ungdomsskule pr. klasse 1,7 mill. Snitt barneskule pr. klasse 1,3 mill.

Desse gjennomsnittstala vil bli nytta i dei ulike alternativa. Unnataket er for Espevær skule kor vi vil nytte dei faktiske tala.

6.6.2 Kostnader reinhald og skyss

Skule	Skyss (tal i tusen kronar)	Estimert reinhald (tal i tusen kronar)
Bremnes Ungdomsskule	1150'	1250'
Espevær	-	160'
Foldrøy	25'	275'
Gilje	162'	530'
Hillestveit	88'	830'
Meling	45'	710'
Moster	940'	1250'
Rubbestadneset	216'	510'
Svortland	705'	980'
Våge	490'	410'
Totalt	3821'	6905'

Dei fleste elevane ligg i den lågaste taksten i skyss sitt takstsysten. Kostnader for ein del elevar som pendlar til BUS ligg i takstsone 2 og 3.

Reinhaldet er sett ut til privat drift. Det er stort sett areal som er utslagsgjevande for nivå.

6.7 Basseng

Kommunen har i dag tilbod om skulebading/symjeundervisning ved alle dei 4 ungdomsskulane våre. Ved Moster har ein leigeavtale med huseigar, medan kommunen sjølv eig dei 3 andre bassenga.

Det blir gitt tilbod om skulebading i perioden ca. 15. oktober til 30. april. For Moster er perioden avgrensa til samla 15 veker.

Det er i skuletida god plass ved alle bassenga og med god utnytting vil det vere tilstrekkeleg med to basseng. Når nytt stort bassenganlegg er på plass vil det mest sannsynleg vere plass til all skulebading ved dette bassenget. Det vil i alle høve ikkje vere trong for meir enn to basseng.

Færre basseng vil gi større skyssutgifter, men dette vil ikkje kome opp mot kostnadene med å drifte 4 basseng.


7 Grunnskulane i Bømlo

7.1 Bremnes Ungdomsskule

Frå Norconsult si rapport: «Framskriving av folkesetnad og elevtal etter skuleområde»:

Framskrivinga tilseier at Bremnes ungdomsskule kan forvente stabile elevtal innover i framskrivingsperioden. Skulen kan rekne med ein liten elevtalsauke inn i midten og mot slutten av perioden. Elevtalet ved skulen vil liggja mellom 300 - 330 elevar årleg.

Elevtalsframskriving Bremnes ungdomsskule



Befolkningsprognose Bremnes ungdomsskule sitt område

31.des	2003	2004	2005	2006	2007	2008	Prognose----->															
							2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	564	565	562	554	574	556	569	573	594	592	585	609	609	608	609	617	618	620	627	628	631	637
6-12 år	684	684	687	682	674	706	700	702	696	716	724	710	705	721	725	740	736	752	759	758	761	
13-19 år	300	284	285	316	310	303	298	294	307	295	305	307	331	320	323	302	314	326	326	323	316	334
16-19 år	365	395	420	408	404	380	387	416	400	410	410	407	412	420	422	431	441	441	426	424	439	425
20-29 år	821	767	758	757	790	836	831	823	841	835	852	864	870	871	864	861	850	887	892	910	909	916
30-39 år	830	836	829	830	835	845	862	854	852	847	847	820	836	842	866	880	872	860	879	872	884	907
40-49 år	733	753	748	759	788	805	828	839	858	884	912	939	936	951	945	955	974	969	959	963	970	939
50-59 år	736	753	783	773	776	764	760	779	773	764	758	774	776	792	820	834	853	867	880	913	931	960
60-66 år	297	304	335	372	396	426	456	463	507	522	534	535	550	537	536	524	509	510	520	514	521	545
67-69 år	94	100	101	107	111	114	123	135	138	155	175	190	201	203	204	209	221	243	224	226	206	202
70-79 år	360	339	328	310	299	299	306	302	313	324	346	353	377	412	435	472	505	523	562	592	623	636
80 år og over	283	299	306	317	319	322	326	320	308	306	300	296	285	277	274	276	276	277	276	282	296	300
sum	6067	6079	6142	6185	6276	6356	6446	6500	6587	6650	6748	6804	6888	6954	7023	7101	7173	7259	7323	7406	7484	7562


Prognosene viser at klassetalet ligg jamt på 12 klassar kvart år. Når Rubbestadneset vert ein del av denne skulen vil klassetalet ligge på mellom 13 og 14.

7.2 Espevær skule

Frå Norconsult si rapport: «Framskriving av folkesetnad og elevtal etter skuleområde»:

Elevtalet ved Espevær skule vil liggja i overkant av 10 elevar årleg. Små folketalsendringar på øya, kan gje store utslag i elevtalet ved skulen. Grunna små forhold ved skulen vert framskrivinga usikker ved skulen.

Elevtalsframskriving Espevær skule



Befolkningsprognose Espevær skule sitt område

31.des	2003	2004	2005	2006	2007	2008	Prognose----->														
							2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	
0-5 år	12	11	11	11	11	9	9	9	9	10	8	8	8	8	8	9	9	9	9	9	10
6-12 år	8	12	13	14	16	16	14	14	11	11	13	12	10	11	10	11	11	10	9	10	8
13-15 år	0	0	1	1	3	3	7	8	9	7	6	4	6	6	5	4	4	5	5	5	4
16-19 år	2	2	0	0	0	2	2	3	6	7	9	12	10	8	8	7	7	8	7	5	6
20-29 år	12	14	14	12	9	7	6	6	5	8	8	8	10	12	15	19	20	21	23	24	27
30-39 år	17	18	18	20	20	16	15	16	13	9	6	5	4	4	4	2	2	1	1	2	3
40-49 år	3	2	0	0	2	4	6	7	10	10	10	10	12	13	13	11	8	8	5	5	4
50-59 år	25	23	22	19	16	14	12	8	5	4	3	2	1	1	2	4	6	7	10	10	10
60-66 år	14	17	17	21	21	21	20	19	18	17	15	15	14	12	8	5	4	2	1	0	1
67-69 år	6	6	6	4	3	3	6	10	12	11	10	7	7	5	8	9	8	6	4	2	1
70-79 år	19	20	18	18	16	16	14	12	11	13	16	16	16	19	17	19	22	22	18	17	14
80 år og over	19	18	17	18	20	19	20	22	24	21	19	18	16	15	15	14	13	12	9	10	13
sum	137	143	137	138	137	130	131	134	133	128	123	117	114	114	114	112	111	111	105	102	103


Den faktiske utviklinga for elevtalet på Espevær er at elevtalet i skuleåret 2015/16 vil falle til 9 elevar og at ein skuleåret 2020/21 berre vil ha 2 elevar. Ein arbeider med innflytting og dersom ein lukkast med kan sjølv sagt dette biletet endra seg.

7.3 Foldrøy skule

